

# Årsmelding 2007



## VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#), i Campus Fosshaugane. Instituttet har ca. 26 tilsette og ein årsomsetnad på ca.20 mill kroner. Det er etablert nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

### Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt forskingsinstitutt med regional forankring. Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

### Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forskning. Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

### Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikktutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

### Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forskning, utviklingsarbeid og utgreiingar på oppdrag for næringsliv, offentlig sektor, Norges Forskningsråd og EU og det europeiske forskingsorganet (ERA). Oppdraga omfattar både regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt. Vestlandsforskning har lang erfaring med deltaking i og leiing av store nasjonale og internasjonale prosjekt.

### Forskarane

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i tekniske- og økonomiske fag. Men også fag som historie, samfunnsvitskap, realfag, landbruksfag og informatikk er representerte. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper anten det gjeld praktisk retta forskingsprosjekt eller meir teoretiske arbeid.

### Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

### Regionalt kunnskapsknutepunkt

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjer eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 200 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt.

### Finansiering


Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, prosjektutvikling og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

### Organisering

Vestlandsforskning blir leia av styret samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, medan Norges Forskningsråd vel eitt medlem. Den daglege leiinga av instituttet blir ivaretatt av direktøren. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.

# Årsmelding 2007 - Vestlandsforskning

---



## FORSKINGSOMRÅDA

### BRUKARVENNLEGE IT-SYSTEM

- Brukargrensesnitt
- Informasjonsstruktur- og arkitektur
- Kravspesifikasjonar
- Semantiske Teknologiar

### ENDRING OG NYSKAPING

- E-handel i små og mellomstore bedrifter
- E-forvaltning og offentlig organisering
- Infrastruktur og nettverksutvikling
- Regional utvikling og næringsutvikling

### GEOTURISME OG BEREKRAFTIG REISELIV

- Berekraftig reiseliv og geoturisme
- Fritidsbruk
- It og reiseliv

### MILJØ, ENERGI OG TRANSPORT

- Alternative drivstoff
- Berekraftig landbruk
- Berekraftig mobilitet
- Industriell økologi
- Lokal miljø- og klimapolitikk

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal  
Telefon 57676150 Fax: 57676190  
E-post: [info@vestforsk.no](mailto:info@vestforsk.no) - Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

# Årsmelding 2007 - Vestlandsforskning

## Oppdrag

80 prosjekt var under arbeid i 2007. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik (i tusen kroner):

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetninga
0-100	25	6%
101-500	32	27%
501-2000	12	23%
>2001	11	44%

Fleire av prosjekta går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

## Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2007 var på 19,8 mill. kroner. Grunnløyving frå forskingsrådet utgjorde 7,8% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 4% av inntektene, medan 88,2% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde:

	2007	2006	2005	2004
EU/Utland	19%	13%	16%	19%
Forskringsråd	34%	20%	31%	23%
Kommune/fk.kom.	19%	18%	19%	14%
Statsforvaltninga	12%	30%	13%	20%
Næringsliv og org.	16%	19%	21%	24%

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. Både EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

## Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 22 av prosjekta ved instituttet i 2007. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemdene i landet.

I 20 av prosjekta under arbeid i 2007 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvkommune.

## Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare styrka i 2007 ved kunnskapssamarbeid av ulike slag. Fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, kommunane, NHO og enkeltbedrifter i næringslivet, LO, organisasjonar og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar i mange større prosjekt, enten som bilaterale samarbeid som t.d. i Klimabanken i Sparebanken Sogn og Fjordane, samarbeid med ei gruppe bedrifter som t.d. med hotellbedriftene i Sogn, eller i kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemdar. VRI programmet har den siste karakteren, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med forvaltning og verkemiddelapparat samarbeider om forskning og innovasjon i regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane og VF etablerte i 2007 ei utviklingsavtale med formål å utvikle forskingsprosjekt ved HSF og VF, utvikle doktorgrads- og professorkompetanse ved HSF og VF og bidra til fagleg utvikling ved HSF og VF gjennom internasjonalt arbeid og nettverksbygging. Avtalen prioriterer brukarrette ikt og opplevingsnæringar/geoturisme den første 3-års perioden.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor regionale oppdragsgjevarar.

## Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforsking vektlegg internasjonalt arbeid. I 2007 var 6 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

2007 var siste året som Vestlandsforsking hadde ansvar for for EIC-Vest. Frå årsskiftet er EIC-funksjonen omorganisert i heile Noreg og lagt til Innovasjon Noreg.

Forskarar frå instituttet heldt 20 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 12 land i 2007.

## Publisering, formidling og informasjon

Forskarane har i 2007 bidrege med 9 artiklar med referee, det er utgitt ei bok på vitenskapleg forlag og ei doktorgradsavhandling er publisert. Det vart gitt ut 12 VF-rapportar og 5 notat ved instituttet. Forskarane heldt til saman 108 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. Forskarane har bidrege med 17 artiklar i bøker og tidsskrift. Vestlandsforsking har vore arrangør/medarrangør av 8 konferansar/seminar i 2007.

Publisering	2007	2006	2005
Artiklar/bøker med referee	11*	3*	5
VF publikasjonar	17	27	25
Foredrag/undervisning/paper	113	59	69
Artiklar i bøker/tidsskrift	17	9	6

\* inkludert ei doktorgradsavhandling

## Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført ca. 21,6 årsverk ved instituttet i 2007. Ved utgangen av året hadde instituttet 25 tilsette, 21 forskarar og 4 i administrativt tilsette. Prosjektinngangen ved instituttet er god, og det er eit realistisk mål å auke tal forskarar til 25 innan 2010.

Det er gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og personalmessig karakter.

PhD Robert Engels og Professor Karl Georg Høyer er knytt til instituttet i bistillingar. I 2007 disputerte vår forskar Ingjerd Skogseid til doktorgrad ved UiO. Ved utgangen av 2007 var det sju forskarar med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad og to som arbeider med doktorgrad.

Vestlandsforsking hadde i 2007 to traineear ved instituttet. Erfaringane er gode og instituttet vidarefører traineeordninga. Vestlandsforsking ønskjer å legge til rette for at masterstudentar og PhD-studentar kan ha arbeidsplass ved instituttet.

## Strategi 2007-2010

Vestlandsforsking rullerte i 2007 strategiane for utviklinga av instituttet dei næraste åra:

- Vidareutvikle ein tverrfagleg og internasjonal profil på våre forskingsområde
- Auke fagleg utviklingsaktivitet gjennom prioritering av publisering og doktorgradsarbeid
- Utvide forskingsaktiviteten mot nye bruksområde for kunnskapen vår
- Utvide til 25 forskarårsverk
- Utvikle ein robust organisasjon gjennom sterkare intern plattform og gjennom formalisert samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og med andre universitet og forskingsinstitusjonar
- Sikre ei økonomisk solid og handlekraftig verksemd

Strategiane er konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg budsjettprioriteringar. Strategiplan 2007-2010 med grunnleggande ide og verdigrunnlag skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

## STYRE OG LEIING

### Styremedlemer

Knut M. Olsen, styreleiar  
Hilde Buer, nestleiar  
Berit Bringedal  
Inger Johanne Sundby  
Anne Kristin Hjelle Jordal  
Per Morten Vigtel  
Kyrre Groven

### Varamedlemer

Reidar Sandal  
Trude Brosvik  
Yngve Hallen  
Georg Arnestad  
Karen Marie Hjelmesæter  
Ingjerd Skogseid  
Inge Jan Henjesand

### Dagleg leiing

Direktør Agnes Landstad  
Kontorleiar Bjørg Haukerei

### Miljøgruppa

Forskingsleiar Erling Holden  
Gruppeleiar Carlo Aall

### IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtthe  
Gruppeleiar Svein Ølnes

## PERSONALE

Otto Andersen, Ph.D. forskar  
Idun Husabø Anderssen, forskar  
Eivind Brendehaug, cand.agric., forskar  
Heather Broomfield, BA, forskar - permisjon  
Robert Engels, PhD bistilling  
Guttorm Flatabø, forskingsassistent, frå 01.11.07  
Ole Inge Gjerald, cand.polit til 01.06.07  
Kyrre Groven, cand.philol, forskar  
Ivar Petter Grøtthe, cand.scient., forskingsleiar  
Stefan Gössling, PhD forskingskoordinator, frå 15.04.07  
Oluf Haugen, MIT, systemkonsulent til 01.03.07  
Bjørg Haukerei, kontorleiar  
Erling Holden, Dr Ing. forskar  
Nils Arne Hove, systemutviklar  
Karl Georg Høyer, professor i bistilling  
Siri Kvammen, sekretær  
Agnes Landstad, direktør  
Øyvind Heimset Larsen, siv.ing., forskar  
Hege Høyer Leivestad, trainee, frå 15.08.07  
Håvard Myrvang, IT-ansvarleg, permisjon frå 01.11.07  
Hogne Lerøy Sataøen, forskar  
Ingjerd Skogseid, Ph.D forskar  
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær  
Hanna Nyborg Storm, trainee, frå 15.08.07  
Geir Strand, MSc samf.planlegging, forskar  
Eva Marie Tveit, Ph.D forskar, frå 15.04.07  
Svein Ølnes, cand.agric., forskar  
Terje Aaberge, Dr.ès sc., forskar  
Carlo Aall, Ph.D. forskar

## STYRET SI VURDERING

Vestlandsforskning er eit solid og framtidretta forskingsinstitutt som i 2007 har vidareutvikla profilen som eit internasjonalt forskingsinstitutt med regional forankring.

Vestlandsforskning arbeider etter langsiktige faglege strategiar der vi bygger vidare på styrkane i fagmiljøet og utviklar oss mot nye forskingstema og nye bruksområde. Tverrfagleg og internasjonal profil er framleis gjennomgåande kjennemerke på våre forskingsområde.

Ei god økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve handlingsrom for viktige faglege satsingar i 2007. Sentrale faglege satsingar det siste året har vore klimaforskning, reiselivsforskning, forskning på fornybar energi og forskning på semantiske vevtenester. Med eigne ressursar har fagmiljøet bygd kompetansen og arbeidd strategisk for å posisjonere seg fagleg nasjonalt og internasjonalt på desse områda. Styret ser på dette som investeringar i ein kunnskapskapital som vil kaste av seg både målt i kvalitets- og relevanskriterium og i økonomiske termar. Når Vestlandsforskning i 2007 fekk tildelt større forskingsprosjekt på klimasårbarheit, på fornybar energi, på reiselivsutvikling i nasjonalparkområde og på fritidsforbruk, ser styret det som resultat av god langsiktig og målretta fagleg satsing mot tema som er viktige i samfunnet.

Instituttet har i 2007 etablert Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Instituttet har også utvikla eit fagstrategisk samarbeid med HSF innan fornybar energi med sikte på eit felles forskingsprogram og forankra dette i instituttstrategien.

## Årsmelding 2007 - Vestlandsforskning

---

Fagleg kvalitet og fagleg utvikling er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid i Vestlandsforskning. Ein forskar avslutta doktorgradsarbeid i 2007. To forskarar har starta doktorgradsutdanning i 2007. For styret er det eit mål å auke tal forskarar ved instituttet totalt og tal forskarar med doktorgrad spesielt dei komande åra.

Aktiviteten på vitenskapleg publisering i tidsskrift med referee har auka vesentleg i 2007, noko styret seier seg godt nøgd med. Auken er resultat at bevisst ressursprioritering og er avgjerande for instituttet si faglege utvikling og faglege renommé. Instituttet bør halde fokus på å auke denne aktiviteten ytterlegare i åra som kjem. Også aktiviteten på populærvitenskapleg publisering har auka i 2007. Dette meiner styret er viktig for å gjere verksemda vår og den kunnskapskapitalen som er opparbeidd ved Vestlandsforskning kjend for omverda. Instituttet må finne ein god balanse mellom meritterande publiseringsaktivitet og populærpublisering som gjer arbeida våre tilgjengelege for eit større publikum.

Dei økonomiske rammevilkåra i instituttsektoren er framleis utfordrande. God budsjett disiplin og høg aktivitet gir eit rekneskap med overskot også i 2007 i tråd med budsjett og strategiar. Resultatet i 2007 syner at Vestlandsforskning er eit fagleg og økonomisk solid forskingsinstitutt. Samla er 88% av aktiviteten ved instituttet finansiert ved oppdrag. Dette set store krav til forskarane si evne til akkvisisjon og til relevans i forskingsarbeidet.

Styret er godt nøgd med arbeidet på instituttet i 2007. Arbeidet held høg kvalitet og forskarane samhandlar godt med omgjevnadene, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Prosjektinngangen for 2008 er særst god, noko som inneber rekrutteringsbehov.

Ved utgangen av året er seks av tjueto forskarar ved Vestlandsforskning kvinner. I 2007 har ein rekruttert ei kvinne til forskarstilling og to kvinner til traineestillingar, og det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte. Traineesatsinga har vore vellukka rekruttering og har gjeve auka regionalt samarbeid og er difor vidareført i 2007. Vestlandsforskning har stabilt lågt sjukefråvær, i 2007 var sjukefråveret 1,5%. Heimekontorløysinga gjer at ein kan arbeide heimanfrå på dagar der ein sjølv er småsjuk eller når ein er heime med sjuke born, noko som medfører at det registrerte sjukefråveret er lågare enn det elles ville vore. Arbeidsmiljøet er stabilt og godt.

Instituttet har fokus på miljøkonsekvensar av verksemda og korleis vi kan redusere desse. Reiseaktiviteten representerer ei stor utfordring. I 2007 har instituttet sett i gang eit internt arbeid "Grøn bedrift". Målet er å identifisere forbettringspotensiale og konkretisere tiltak for meir miljøvennleg drift i instituttet med fokus på reiseaktivitet, kontordrift og kantinedrift. VF skal frå 2008 legge fram årleg miljørekneskap.

Vestlandsforskning har i 2007 arbeidd med profil og omdømme. I den samanheng er det etablert ny grafisk profil som styret meiner er enkel, tydeleg og fungerer godt. Arbeidet med omdømme ved hjelp av eksterne tilbakemeldingar og interne prosessar er viktig og styret seier seg godt nøgd med at dette arbeidet held fram også i 2008.

Tre område vil vere sentrale for instituttet si utvikling dei komande åra:

Strategien skal stimulere til økt lønsemd og verdiskaping i norsk reiselivsnæring. Verdiskapinga må skje på ein berekraftig måte slik at miljø- og klimaomsyn vert ivareteke og natur- og kulturarven vert brukt som et konkurransefortrinn.

- Regjeringa har i sin nye reiselivsstrategi sett følgjande tre hovudmål; auka verdiskaping og produktivitet, levedyktige distrikt gjennom fleire heilårs arbeidsplassar, Norge som berekraftig reisemål. Mål om auka volum i reiselivet bidreg i utgangspunktet til å svekke berekrafta både i form av auka transport og i form av større belastning på lokalmiljø. Ein viktig del av reiselivsstrategien blir difor å utvikle ein politikk som gjer det muleg å sameine ønsket om fleire utanlandske turistar til Norge med målet om auka berekraft. Ein slik politikk forutset m.a. kunnskap om korleis dei miljø- og klimamessige konsekvensane av auka reiseaktivitet kan reduserast og den lokale verdiskapinga kan aukast. Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv vart opna 3.mai 2007. Senteret skal støtte opp om dei nasjonale reiselivsstrategiane ved å utvikle kunnskap om korleis møte utfordringane som ligg i konflikten mellom auka turisme og klima- og miljøkonsekvensar av auka transport. Forskingssenteret skal vere eit sterkt nasjonalt fagmiljø og skal gje politisk leiing, verkemiddelapparat og næringslivsleiarar grunnlag for å gjere kunnskapsbaserte valg. Forskingssenteret har fått positiv omtale i komitemerknad til Statsbudsjett 2008 og i Regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi. Også frå næringslivet si side er det uttrykt aukande interesse for desse problemstillingane. I januar 2008 fekk instituttet tildelt eit 3-årig

forskningsprosjekt frå Norges Forskningsråd; "Sustainable Destination Norway 2025". Det blir avgjerande for det vidare utviklinga av forskingssenteret at VF og HSF framleis prioriterer egne ressursar til vidare fagleg utvikling og at nasjonale styresmakter prioriterer ressursar til å bygge kunnskapsbasen slik at forskingssenteret kan arbeide med miljørelaterte problemstillingar som næringslivet og politikktutformarar legg vekt på.

- Klimaendringane og klimasårbarheit har kome på dagsorden med full tyngde gjennom m.a. tildeling av Nobels Fredspris og klimaforliket på Stortinget, og konsekvensane av klimaendringane er tydeleggjort t.d. ved urolege vertypar, ras, flaum osb. Behovet for kunnskap om føresetnader for lokal klimatilpassing og planlegging er stort og aukande i mange samfunnssektorar. Vestlandsforskning er no ein sentral kunnskapsleverandør på området i ei forlenging av vår historie innan miljø-, planleggings- og lokalsamfunnsforskning. VF skal halde fram å bygge seg på dette området i åra som kjem, i samarbeid med naturvitskaplege forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt.
- Rekruttering er ei hovudutfordring for VF som for store deler av norsk arbeidsliv. Etablering av nettportalen [www.framtidsfylket.no](http://www.framtidsfylket.no) er eitt verkøy for å lette tilgjenget og informasjonsflyt mellom arbeidsgjevarar i Sogn og Fjordane og potensielle arbeidssøkarar. Traineeprogrammet er eit anna tiltak som har vist gode resultat ifht å få nyutdanna ungdom til bedriftene våre. Til desse er det viktig å kunne tilby forskarutdanning ved doktorgradsstipend i løpet av få år. Internasjonal rekruttering blir viktigare enn før; det kan synest som det er lettare å rekruttere forskarar frå utlandet til VF enn forskarar frå dei større norske byane. I tillegg vil utanlandske medarbeidarar kunne tilføre annan erfaringskompetanse og nye nettverk. Arbeidet med rekruttering – nasjonalt og internasjonalt – på alle kompetansenivå må halde fram med full styrke i åra som kjem. I dette arbeidet er VF avhengig av å samarbeide med andre arbeidsgjevarar i regionen enten det gjeld traineeprogram, nettportal, informasjon på jobbmesser osb eller praktisk tilrettelegging lokalt, to-jobbproblematikk osb.

Vestlandsforskning er eit veletablert institutt som samhandlar godt med offentleg og privat verksemd og med andre forskingsmiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I 2007 har instituttet utvikla rolla i regionen gjennom m.a. VRI, Utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Klimabanksamarbeidet med Sparebanken Sogn og Fjordane. Den nasjonale rolla til instituttet er tydeleg gjennom fleire Forskningsrådsfinansierte oppdrag i programma Miljø 2015, RENERGI og VERDICT, samt Forskningscenter for geoturisme og berekraftig reiseliv. Den internasjonale rolla er styrka gjennom t.d. forskingssamarbeid med m.a. Shanghai University i Kina, fleire forskingsarbeid finansiert gjennom Regions of Knowledge og 7.Rammeprogram i EU. På alle dei tre nivåa skal Vestlandsforskning framleis ha ei tydeleg rolle som kunnskapsleverandør og samarbeidspart. I 2008 vil styrking av det internasjonale forskingssamarbeidet har eit særskilt fokus.

## FRÅ AKTIVITETEN I 2007

### **Berekraftig mobilitet: Det nye imperativet i transportpolitikken**

Berekraftig mobilitet er det nye imperativet i EU sin transportpolitikk. Også i den langsiktige nordiske samferdselspolitikken har dette omgrepet fått ein sentral plass. Men kva betyr eigentleg berekraftig mobilitet? Kva innebær det i praktisk transportpolitikk? Og kva er forskjellen på berekraftig mobilitet og omgrepet miljøvennlig transport?

Dette er spørsmål ein får svar på i ei nyleg publisert bok av Erling Holden, forskingsleiar på miljøgruppa. Boka, som har tittelen "Achieving Sustainable Mobility", blei utgitt på det anerkjende forlaget Ashgate i 2007. I boka oppsummerer Holden mykje av den forskinga som har vore gjennomført på miljøgruppa i løpet av det seinaste tiåret. Fleire av gruppa sine forskarar har såleis bidrege til innhaldet. Boka er i hovudsak skriven som ledd i et opphald som gjesteforskar ved Oxford Brookes University frå sommaren 2005 til sommaren 2006.

Eit sentralt budskap i boka er at det i dag finst tre hovudstrategiar for å fremje berekraftig mobilitet: effektivitet, substitusjon og reduksjon. Tankegangen bak *effektivitetsstrategien* er at vi må utvikle teknologiske løysingar som innebær at transportmidlane blir meir effektive med tanke på ressursuttak, drivstofforbruk og utslepp. *Substitusjonsstrategien* rettar seg mot korleis vi reiser, eller det vi kan kalle transportmønsteret. Det sentrale punktet er her altså ikkje kor mykje vi reiser, men *korleis* desse reisene foregår. Felles for dei to første tilnærmingane er at det ikkje blir sett spørsmålsteikn ved reiseomfanget. Vi kan reise like mykje som før, kanskje også betydeleg meir, berre det blir gjort på ein miljømessig forsvarleg måte. *Reduksjonsstrategien* avviser at ei fokusering på teknologi og sammensetning av reisene våre er tilstrekkelig. I tillegg til å reise meir effektivt og utvikle eit nytt transportmønster, må vi rett og slett redusere reiseomfanget.

Mens det ser ut til å være semje om at berekraftig mobilitet er målet, er det framleis stor fagleg usemje om kven av desse tre strategiane som faktisk fører oss dit. Boka blir avslutta med ein grundig gjennomgang av dei ulike strategiane sine muligheter og avgrensingar i forhold til å nå målet om berekraftig mobilitet.

### **Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv**

I 2007 etablerte Vestlandsforskning Senter for geoturisme og berekraftig reiseliv i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Senteret vart opna 3.mai i Sogndal med Stortinget sin næringskomité og 90 andre gjester til stades. Dr Stefan Gössling er tilsett som forskingsleiar ved senteret og Dr Eva-Marie Tveit er tilsett som ny forskar. Vidare blei det i 2007 starta to doktorgradsprosjekt ved senteret; eitt på temaet regionalpark og reiseliv og eitt på temaet opplevingsbasert reiseliv. Til saman 7,5 årsverk arbeider med berekraftig reiseliv ved senteret.

Omgrepet *geoturisme* viser til ei reiselivsutvikling som tek omsyn til miljøet, legg vekt på lokal eigenart og bidreg til verdiskaping i lokalsamfunnet. Senteret skal styrke kunnskapen om meir aktiv bruk av natur- og kulturressursar som grunnlag for auka verdiskaping i norsk reiseliv og korleis samstundes gjere reiselivsnæringa meir berekraftig. Dette inneber høgaktuelle utfordringar som reduksjon av energibruk og utslepp av klimagassar knytt til reiser.

Spissområda ved senteret er:

- berekraftig reiseliv
- reiseliv og klimautfordringar
- natur- og kulturbasert opplevingsturisme
- bygdeturisme
- lokal medverknad til destinasjonsutvikling og reiselivsplanlegging
- reiselivspolitik og næringsorganisering
- informasjonsteknologi og reiseliv

Vi har arbeid for å få på plass grunnløyving til senteret i 2007. Dette skjedde ikkje, men senteret er omtala i positive ordelag i komitemerknad til statsbudsjettet for 2008, samt i nasjonal reiselivsstrategi som vart lansert desember 2007. Vi arbeider vidare for å få ei grunnløyving til senteret i statsbudsjettet for 2009. Av større forskingsarbeid som vi starta i 2007 vil vi nemne:

## Årsmelding 2007 - Vestlandsforskning

---

- *Policy for harmonising national park management and local business development*: treårig prosjekt i samarbeid med Universitetet i Oslo, Universitetet i Klagenfurt (Austerrike), og finansiert av ei løyving på 3,6 mill NOK frå Norges forskningsråd.
- *Leisure and Sustainable Development: part of the problem or part of the solution?*: treårig prosjekt i samarbeid med Norges tekniske naturvitenskapelige Universitet og Norsk institutt for forbruksforskning (SIFO), og finansiert av ei løyving på 4 mill NOK frå Norges forskningsråd
- *Vindkraft, reiseliv og miljø - en konfliktanalyse*: toårig prosjekt finansiert av ei løyving på 1,2 mill NOK frå kraftselskapet Vestavind AS.

Senteret har ambisjonar om å bli eit nasjonalt og internasjonalt spisskompetansmiljø for forskning og utviklingsarbeid innan berekraftig reiseliv og geoturisme. Eit element for å oppnå dette at vi har knytt til oss eit internasjonalt ekspertråd (Scientific Advisory Board) med 12 framstående medlemmer:

### **METAdata and MOBILE Superdistribution Extension System**

Vestlandsforskning og Bach Technology AS, ei bergensbasert bedrift, vart i september tildelt 4 mill. kr i prosjektstøtte frå Norges forskningsråd sitt Verdiktprogram. Prosjektet METAMOSEs, som startar 1. januar 2008, skal gjennomførast i samarbeid med forskingsinstituttet Fraunhofer IDMT og bedrifta 4FO i Ilmenau. Målet er å utvikla verktøy som kan la forbrukarar av digitale mediaprodukt, t.d. nedlasta musikk over nettet, i stand til å bli aktive produsentar, marknadsførarar og vidaresejlarar av slike produkt. Dei skal gjera verdikjeda meir effektiv og kunne føre til auka fortjeneste for artistar og produsentar. Prosjektet skal såleis spesifisera, utvikla og validera teknologiar som støttar forretningsmodellar for online (trådløst) marknadsføring og superdistribusjon (konsument til konsument) av digitale varer. Resultata frå prosjektet vil vera

- eit betre søke- og tilrådingssystem basert på metadatastandarden MPEG-7
- nye og meir omfattande verktøy for mobile innretningar
- nye forretningsmodellar for online distribusjon av digitale mediaprodukt der forbrukarane får lønn for vidaresejal

Vestlandsforskning skal leia arbeidspakka " Metadata Management, Retrieval and Recommendation".

## PUBLISERING

### VITSKAPLEGE BØKER MED REFEREE

#### Holden, Erling

Achieving Sustainable Mobility: Everyday and Leisure-time Travel in the EU. **Aldeshot: Ashgate** (2007)

#### Skogseid, Ingjerd

Information infrastructure and rural innovation systems. A study of the dynamics of local adaptation of ICT. Doktorgradsavhandling, **Universitetet i Oslo**, 2007

### VITSKAPLEGE ARTIKLAR MED REFEREE

#### Andersen, Otto

Hydrogen as transport fuel in Iceland. The political, technological and commercial story of ECTOS. **International Journal of Alternative Propulsion**. Volume 1 - Issue 4 – 2007. p 339 - 351.

#### Gössling, S. and Peeters, P. 2007.

"It does not harm the environment!" – An analysis of discourses on tourism, air travel and the environment. **Journal of Sustainable Tourism**, 15(4): 402-417.

#### Peeters, P., Gössling, S. and Becken, S. 2007.

Innovation towards tourism sustainability: climate change and aviation. **International Journal of Innovation and Sustainable Development**, 1(3): 184-200.

Gössling, S., Broderick, J., Upham, P., Peeters, P., Strasdas, W., Ceron, J.-P. and Dubois, G. 2007. Voluntary carbon offsetting schemes for aviation: efficiency and credibility. **Journal of Sustainable Tourism**, 15(3): 223-248.

#### Holden, E and Linnerud, K

"The sustainable development area: Satisfying basic needs and safeguarding ecological sustainability." **Sustainable Development**, 15 (3): 174–187 (2007)

#### Høyer K.G and Holden, E.

"Alternative Fuels and Sustainable Mobility - Is the Future Road paved by Biofuels, Electricity or Hydrogen?" **International Journal of Alternative Propulsion**, 1, (4): 352–368. (2007)

#### Lindseth, Gard and Reitan, Marit

"The urban governance of transport and the environment in the city of Kristiansand". **Journal of Environmental Planning and Management**, Volume 50, Number 1, January 2007 , pp. 135-151.

#### Strand, Geir og Hildrum, Jarle

"Overcoming challenges in writing about what action researchers do - the promise of the development story." I: **Systemic Practice and Action Research**, Volume 20, number 2, April 2007. Springer Netherlands

#### Aall, C., Groven, K., Lindseth, G.

The scope of action for local climate policy: the case of Norway. **Global Environmental Politics**, Volume 7, Number 2: 83-102

#### Ølnes, Svein

Accessibility of Norwegian Public Web Sites. NOKOBIT 2007 Konferanseartikkel med referee. **Tapir Akademisk Forlag**. Oslo, 21.11.07

## VF-RAPPORTAR OG NOTAT

### VF-Rapportar

1/07 Miljøbelastninger fra norsk fritidsforbruk – en kartlegging. Av John Hille, Carlo Aall, Ingun Grimstad Klepp

2/07

Geoturisme i Sogn og Fjordane og Austerrike. Rapport frå to studieturar og rapportering frå prosjektoppgåver gjennomført av traineear ved fem samarbeidande verksemdar i Sogn og Fjordane. Carlo Aall (red.)

3/07

Reiselivet i Sogn og Fjordane - oversikt, kommentarar og strategiske problemstillingar i samband med dei offentlege aktørane sin verkemiddelbruk i reiselivet. Ståle Brandshaug, Hogne Lerøy Sataøen, Jan Erik Weinbach og Carlo Aall

4/07

Parlamentarisme som styringsform på regionalt nivå – frå konsensusstyre til majoritetsstyre. Av Ole Inge Gjerald og Oddbjørn Bukve

5/07

Lokale energiutredninger. Evalueringsrapport. Av Hogne Sataøen, Carlo Aall (Vestlandsforskning) Tor Mjøs, Ralph Sijstermans (Norconsult)

6/07

IT-løysingar for kommunesamarbeid i Sogn og Fjordane. Statuskartlegging og viktige utfordringar for kommunane. Av Svein Ølnes

7/07

Evaluering av sørlandets eu-kontor. Terje Aaberge og Ole Inge Gjerald

8/07 Informasjonsarkitektur for kommuneportalar i Sunnfjord" Svein Ølnes

9/07 På veg. Utvikling av informasjons- og underhaldningssystem for transportnæringa. Av Nils Arne Hove, Håvard Myrvang og Svein Ølnes

10/07 Evaluering og innføring av EPJ og elektronisk meldingsformidling i Helse Førde. Av Øyvind Heimset Larsen

11/07 Oppsummering VS2010-arbeidet i Florø 2004-2007. Geir Strand.

12/07 Localised production and supply of biodiesel from used cooking oils. Idun Husabø Anderssen, Crispin Webber, Roger Kelly and Otto Andersen

### VF-Notat

1/07 Refleksjon over vitenskapsteoretisk ståstad for aksjonsforskning. Paper ved forskarutdanninga – Vestnorsk nettverk. Av Eivind Brendehaug.

2/07

Kartleggingskonferanse NBN 16. mars 2007. Av Geir Strand. Ikkje offentleg.

3/07

Conference Evaluation Survey Report. Analysis of questionnaires to participants at the Second International Eco-Electronics Conference in Beijing, December 6-8 2006. Av Idun Husabø Anderssen

5/07 En drøfting av statlige virkemidler for å styrke det lokale miljøvernarbeidet. En utredning laget på oppdrag fra Miljøverndepartementet. Carlo Aall og Karl G. Høyer

6/07 Sophusportalen – fornying og kunnskapsformidling i skulane og barnehagane i Nordfjord. Av Ivar Petter Grøtte

## RAPPORTAR UTGITT AV ANDRE

### Ølnes, Svein

Håndbok for innføring av LOS. Utgitt av Norge.no. Mai 2007

## ARTIKLAR I BØKER

### Anderssen, I. og Sataøen, H.

Traineesamarbeidet i Sogn og Fjordane – ei lærlingordning for høgt utdanna? I Årbok for Rettleiarnettverket i Sogn og Fjordane

### Aall, Carlo

Miljøbelastninger fra norsk fritidsforbruk. I: Direktoratet for naturforvaltning (2007): *Landskonferanse Friluftsliv – Kristiansand 30.5-1.6 2007*. Notat 2007-3. Trondheim: 108-112.

### Gössling, Stefan

Garrod, B. and Gössling, S. (eds) *New frontiers in marine tourism: diving experiences, management and sustainability*. Amsterdam, Elsevier, 2007

Gössling, S. and Wall, G. Island Tourism. In Baldacchino, G. (ed.) *A World of Islands: An Island Studies Reader*, Malta & Canada, Agenda Academic & Institute of Island Studies, pp. 427-451, 2007

Gössling, S. m. fl. Chapter 7 – Industry, Settlement, and Society. In International Panel of Climate Change, *Fourth Assessment Report*, 2007.

Gössling, S. Ecotourism and Global Environmental Change. In Higham, J. (ed.) *Critical Issues in Ecotourism: Paradoxes, Problems and Pathways*, Butterworth-Heinemann, pp. 70-84, 2007

Garrod, B. and Gössling, S. An introduction to diving tourism. In: Garrod, B. and Gössling, S. (eds) *New frontiers in marine tourism: diving experiences, management and sustainability*. Amsterdam: Elsevier, pp. 3-28, 2007

Gössling, S., Lindén, O., Helmersson, J., Liljenberg, J. and Quarm, S. Diving and global environmental change: a Mauritius case study. In Garrod, B. and Gössling, S. (eds) *New frontiers in marine tourism: diving experiences, management and sustainability*. Amsterdam: Elsevier, pp. 67-92, 2007

Lindgren, A., Palmund, J, Wate, I., and Gössling, S. Environmental management of dive organizations and – operators. In Garrod, B. and Gössling, S. (eds) *New frontiers in marine tourism: diving experiences, management and sustainability*. Elsevier, pp. 115-136.

Peeters, P., Williams, V. and Gössling, S. 2007. Air transport greenhouse gas emissions. In Peeters, P. M. (Ed.) *Tourism and climate change mitigation. Methods, greenhouse gas reductions and policies*. NHTV: Breda, The Netherlands.

## ARTIKLAR I TIDSSKRIFT

### Anderssen, Idun Husabø

Arbeid lokkar ungdomen heimatt. I *Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane 2007*, s.18-19. Utgjevar: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge, NHO, Sparebanken Vest, NAV, Asplan Analyse. Leikanger, mai 2007

### Brendehaug, Eivind

Natur- og kulturarv som grunnlag for nyskaping – erfaringar frå Aurland. I: *Regionale Trender 1/2007*. Utgjevar: NIBR

## Årsmelding 2007 - Vestlandsforskning

---

Lokal kultur i Merkevaren Norge. I: LA stå! 2/2007. Utgjevar: Riksantikvaren

### **Groven, Kyrre**

Klimasårbare kommunar i nord. I BARENTSwatch 2007. Utgjevar: Bioforsk Jord og miljø, Svanhovd

### **Holden, Erling**

Miljøhensyn eller det gode liv? Plan 3-4/2007

Rettferdig transport? Samferdsel, nr. 1/2007.

### **Groven, Kyrre og Aall, Carlo**

Kan kommunane gjere bustadhusa mindre klimasårbare? Plan, Årgang 2007, Nr 03-04. Side 46-51.

### **Aall, Carlo**

Kommunene må ta klimaansvar. Fagbladet, 9-2007. Side 36-38.

## **PAPER OG KONFERANSEARTIKLAR**

### **Andersen, Otto**

Some European Initiatives in EcoElectronics. Proceedings from International Collaboration for Asia Sustainable Society, Nanjing Workshop: 3<sup>rd</sup> International Conference on Eco-electronics, October 25, Nanjing, P. R. China. Pages 74-77.

